



## ULSTEIN SEILFORENING ÅRSMELDING 2011

Styret har for 2011 sesongen hatt følgjande faste medlemmer

Leiar:	Kurt Skeide
NL/Sekretær	Egil Rødskar
Kasserar	Thor Martin Eidem
Regattasjef-styremedlem	Kjell Møller
Jollsesjef-styremedlem	Ronny Bårslett
Styremedlem	Doris Katrin Eik
Styremedlem	Belinda Selvåg
Varamedlemmer	Tom Høymer
	Harald Notøy

### ARBEIDET I STYRET

Det er halde berre 2 styremøter i løpet av sesongen, det har vore mykje mail og telefon og uformelle diskusjonar på gang, dette vert ei utfordring som styret må ta tak i for å få arbeidet i styret inn i meir organiserte former.

I tillegg har Kjell Møller, Tom Høymer og Kurt Skeide med innspel frå andre medlemmer hatt fleire møter med Ulstein Kommune ang ny flytebrygge på Borgarøya .

Prosjektet er no både full finansiert og godkjent i kommunestyret, vi ventar berre på godkjenninga av disp frå forbud mot tiltak i strandsona, dette skal vere ein formalitet.

Prosjektet er finansiert gjennom ein 3-delingsmodell vi stiller med 1/3, kommuna med 1/3 og fylket med siste 1/3

Ang finansieringa så må vi takke Håvard Ulstein for formidling av støtte frå STX som saman med Sparebanken Møre er dei 2 store bidragsytarane, vi har og tidlegare fått støtte frå Ulsmo som no går inn i dette prosjektet.

Det vil verte kalla inn til dugnad for bygging av landgangsfeste og ved monteringa av bryggene i løpet av februar og mars måned .

### KURS-REGATTAAKTIVITET

Det vart arrangert Dommer 1 kurs i mars med Ola Herje frå Ålesund som kurshaldar, det var ca 20 stk som blei godkjent. eit svært nyttig og lærerikt kurs. Island Offshore Regatta .

Det har vore ca 20 forskjellige båtar til start i løpet av sesongen med snitt på 7-8 pr regatta, 2 nye båtar har kome til, Martinus Ytrebø med Alda III, Bavaria 42 Match, og Ronny Bårslett med Maija, Hanse 400 .



## **ULSTEIN SEILFORENING ÅRSMELDING 2011**

Vårserien vart vunnen av First Time med Ole Peder til rors .  
Haustserien vart vunnen av Skjold med Leif Halvard Scheide som skipper  
Vennskapsregattaen vart avvikla søndagen under Trebåtfestivalen med 16  
startande båtar, 10 frå USF og 6 frå Ørsta .  
Vinnar vart First Time med Ole Peder  
Rundeseilassen vart avvikla i svært stille ver som gjorde at 4 av 16 startende  
båter fekk DNF  
Vinnar vart atter igjen First Time med Ole Peder .

### **GENERELT OG JOLLEGRUPPA SPESIELT**

For 2011 er det ca 120 betalende medlemmer.  
Medlemstallet er i positiv utvikling, og vi har fått fleire nye medlemmer i løpet  
av sesongen, i hovudsak kjem desse frå Jolle gruppa som har hatt ein formidabel  
utvikling siste året .  
Jollekomitéen med Ronny Bårslett , Frode Hofseth , Ingvald Dimmen , og  
Harald Notøy fortjener all ros for jobben dei har gjort. Godt Jobba !!!  
Jollegruppa har og planer om å bedre forholda ved jolle rampa med flytebrygge  
og forbedring av rampa, det vil verte kalla inn til dugnad her og.  
Til medlemsmøte som vi hadde i november med premie- og diplomutdeling,  
informasjon og bilder, film frå aktivitetane til jolle gruppa og frå seilturar i  
Kroatia og med matykt, inviterte vi spesielt dei yngre. Dette trur vi dei sette pris  
på, og vi skal nok vere meir inkluderende enn vi har vore. Dei er framtida!  
Vi er ein klubb i utvikling og er avhengig av å dele oppgåvene på fleire hender.  
Dette er noko som vil verte arbeidd med i komande år, og alle positive innspel  
frå medlemmene vert tekne imot med takk.

### **ØKONOMI**

Vi har ein sunn økonomi med penger til å vidareutvikle foreninga, jolle gruppa  
spesielt, men vi er heilt avhengige av sponsorstøtte og ser at vi nok må ha nokon  
som jobber spesifikt med dette.

Styret